

# Florø-Stavang-Rognaldsvåg

Fredag 22.-søndag 24 juni 2006

### Vyrde Veiking!

I år kastar Veikingkonvoien loss for 11. gong! I fjer tenkte vi at no var det nok, og at det var siste gong vi for i Veiking. Men presset frå Florøfolk, Bulendinga, Ålfotinger og andre føter har ikkje vore til å halde ut. Dermed er det nok ein gong duka for landets største båtkonvoi.



Fredag dreg vi inn til idylliske Stavang og sponbaronen Anders Haave. Han røykjer ufatteleg mykje, og har lova at her skal det bli røykjesild og kalde poteter til alle. Han vil dessutan setje over ei diger lapskausgryte slik at svolten skal bli stogga til langt på natt. Sjølvsagt vert det god gammaldags kaidans, så hugs Brylcreme og Stomatol!

Laurdag vaknar vi sjølvsagt til strålende solskin! Etter sortering av fendar, dreggtau, dieselfilter, formloff og solbadolje, dukkar vonleg startsveiva fram slik at motoren tek til å dunke. Då dunkar vi oss ut til Rognaldsvågen der Bygdelaget Havglimit tek vel i mot oss. Denne laurdagen bør det vere litt av kvart for ungar og familiefolk å ta seg til. Redningsselskapet stiller med den populære miniskøyta "Elias", så her kan poden få prøve seg som skøyteskipper! Elles vert det guida tur rundt ytre Reksta, miniloppemarknad og så skal ballbingen opnast! Om kvelden blir det jonsokbål og dans med Nybø Band.

Til like med tidlegare år, er det grendelaga og lokale eldsjeler som gjer alt arbeidet. Vi i konvoileiinga er nøgd med rosande omtale og eit kyss på kinnet. Elles er det sjølv sagt viktig for oss at konvoien går fint føre seg, utan slåsing, båtfyll og anna farkeskap. Reknar med at alle veikingar gjer sitt til at desse strandhogga vert til gode opplevingar for alle.

Avgifta, kr. 6,50 pr. båt (= brevporto) betalar du på kaia i vågen. Båtar over 30 fot betalar dobbel avgift, men trøysta får vere at kajakkar går som B-post!

Hugs å kjøpe T-skjorte og Veiking-kalott!!!

**Veeel møøøtt!!**

M/S "Tansøy" går i rute til Rognaldsvåg laurdag kl. 1130 og 1915. Retur kl. 1200 og 2000.

[www.kruse.biz](http://www.kruse.biz)



[www.sjøassistanse.com](http://www.sjøassistanse.com) – Tlf. 800 88 878

### Fredag 22. juni:

- 1730: Samling på Florevika, reins av forgassar og slikt.
- 1800: Revelje – avgang
- 1935: Stavang, Konvoiavgifta (kr 6,50)  
Variert musikk og underhaldning  
Sal av røykjesild, poteter, lapskaus og Hansa-brus
- 2200: Dans m/ Vimix!  
lettare servering  
– *Du skal ikkje sove burt sumarnatta .....*
- 2500: Song og spel i gavl og kratt

### Laurdag 23.juni:

- 0855: Revelje, frukost
- 0900: Proviantering (A. Haave)
- 1300: Revelje – avgang
- 1400: Landkjenning, Rognaldsvåg  
Tur rundt ytre Reksta  
Bli med "Elias" på tur!  
Loppemarknad  
Sal av grillmat, fiskesuppe
- 1600: Opningsseremoni, Ballbingen
- 1800: Jonsokbål, grill sjølv
- 2200: Dans m/Nybø Band! Mat og drikke
- 2500: Jakta på kjærleiken held fram...

### Søndag 24. juni:

- 0855: Revelje
- 1100: Høgmesse (hugs radio!) – heimreise.

[www.veikingkonvoien.com](http://www.veikingkonvoien.com)



**SOLHEIM DIESEL AS**

Håvågen – 6900 Florø – Tlf. 57 75 14 80  
Faks. 57 75 14 89 – [www.solheimdiesel.no](http://www.solheimdiesel.no)

**Florø Skyssbåt**

Tlf. 913 77 272 (Frode) / 482 58 780



**Florø Bil & Havneservice as**

Tlf. 57 74 05 30 - Vakttlf. 414 00 010



Bunkring fra flytebrygge døgnet rundt - Alle typer kort

**Firdaposten**